# Aarsmelding 1920

Daa det leid ut paa vaaren melde hugen til idrott seg at hjaa „Skarphedins-gutarne". Trass ruskeveir og kulde som det var nögdi av det aaret var det trottugt drivne övingar sogodsom kvar Sundag til langt paa haust.

Den 17de mai skipa Skarphedin saman med Sollergs ul. til höytiding av dagen. I fint Solskin samlast festlydun seg i haugen ved idrotts-plassen. Der var laga til ein vden talarstol av nysprotti björk og flagg. Me var so heppne aa faa Lärar Al. Haga aa halda tale. Han held ein frisk og eldfull tale der han serleg lagde fram kva idrotten hev aa segja for eit folk. So laut „Skarphedingarne" i elden og visa kva dei dugde til i hopp og laup. Medan me held pöa med det snudde veiret seg til vart sunnanvind, og det enda med at heile festlydun tok maratonlaup til ungdomshalli paa Solberg, der me kom aat duka bord som festnemdi hadde stelt til. Um kvelden var der skodespel leik og premieutdeling. 1 pr. Mons J. Njaastad (Sveen) 2. Olai Smaaland 3. Vilh. Breitfurn 4. Gyvind Solberg 5 Olev Smaaland 6 Ingvald Veuletueit 7 Jon J. Solberg (Haukelid)

Den 26 september reiste idrotslaget til Voss for aa deltaka i 5kamp som det hadde fenge innbjoding til. Alle gjorde vaart bedste men rakk dessverre ikkje so langt at dei spanderte trykksverta paa oss i avisreferati. Dette var ikkje nettupp gildt men me fær vona at det gaar betre neste gång. Alle hadde ein gild tur og berre aa koma saman med dei beste idrotts-folk innan fylke hadde me mykje aa lära av.

Den 10 oktobr. hadde me vaar eigi aars-tevling. Daa „Snögg" og „Hugin" imillomtidi hev tekse seg ein „blund" dag med undantak av ein aut beus fraa „Hugin" nemleg Simon Hop, vart det ikkje noko tevling med andre lag.

Resultati viser stor framgong fraa foregaaande aar og ser slik ut: Vilhelm Prestum 3352.90 poeng. Mons Njaastad 3766.18 – Olai Smaaland 3498.37 – Olav Smaaland 2475.80 – Nils Smaaland 3128.10 Øyvind Solberg 4065.20 – Johs Tveitbraas 2754.61 – Simon Hop 2579.60
3 vikor seinare vart det laga til fest i Sjøhuset men daa „verguden" ikkje var i noko festhumør denn kvelden vart festen utsett paa ubestemt tid. Det vart altso verken fest eller aarsmøte i det herrens aaret 1920

## Aarsmelding 1921

Aarsmøte vart halde i april. Form. las upp aarsmelding fraa 1920. Det vart so gjenge til valg som vart soleis: form. Johs O Borge, nestform. Karl Prestum, Kasserar Josef Solberg. I styre vart: Vilhelm Prestum Olav Smaaland Mons Njaastad Eivind Solberg.
Framyver sumaren var det jamn træning.
I september var idrottslaget til Os paa eit juniorstevne. „Skarphedingarne" deltok i 7 øvingar men plasserte seg berre i Spjotkast der Eivind Solberg var nr 2 med eit kast paa 39 m. I trestrid og høyde hadde dei 4 plassarne
Ei tid seinare var ein del av idrottslaget til Bergen og saag paa eit større idrottsstevne
Det var sudrande lærerikt og interessestyrkjande aa sjaa dei gjæve idrottsgutarne fraa heile landet, verdsmeistaren i Spjot var der og, so det var skade at ikkje fleire nytta høve
Den aarlege konkuranse aat laget vart halden i Septbr. Utfallet i poeng ser slik ut:

Eivind Solberg 4384 Olai Smaaland 3861.8
Nils Smaaland 3916.2 Vilh Prestkum 3547.4
Olav Smaaland 2919.8
Dette var siste vaar det vart kjempa um dei 3 pokalarne og dei varande eigarmenn vart desse 1. Olai Smaaland 2. V Prestkum 3. Nils B Smaaland. Fjortan dagar etter konkuransen var festen med pokal og premieutdelingi. Olai Prestkum og Ivar Nes held talte paa festen, den fyrste var som vanleg sers god. Festen slutta i 2 tidi. der kom inn kr .

Ja so var det idrottsplassen det laut takast eit tak med skulde idrotten gaa fram. Laget fekk so herradsagronom Frank Olsen til aa kartleggja plassen, og og planleggja og kalkulera arbeidet. Han kalkulerte kostnaden til 15000 kr., og det vart sökt til staten um pengestudnad og dei fekk gav löyve paa 1000 kr mot at der var utlagd 2000 kr fyrst. So vart det gjenge umkring med listor so folk kunde faa teikna pengar og dagsverk. Det viste seg at ungdomen var bra interesert, der kom inn kr 550 og 1200 dagsverk. Daa detta likevel var forlite til aa grisla med, tok laget eit laan i Arne sparebank stort kr 1000

So vart det daa gjenge i gong med arbeid framyver hausten radt til jol, der var ein arbeidsstyrkje paa 9-10 mann, noko leigde og noko frivillige. Ja slik var stoda i utgangen av 1921. —

Der vart fortsett med arbeidet framyver vinteren 1922, der var ein heil flokk baade med folk og hestar. Daa plassen tok til aa fjölgast, og der var mykje arbeid og pengar nedlagde, kom kararne meir og meir etter at det var baade dyrt og dumt til aa leiga ~~plassen~~ han difor vart det teke til med forhandlingar ~~um~~ kjöp av plassen. Etter mykje arbeid og prat helst for formann, vart kontrakti under=

skrivi den 8 april. Ho lyar slik: :
Eg Johs I Revheim sel ein parcel av
min eigedom ved Skjeraai, til "Turn & idrotts-
laget Skarphedin", Lengdi er 135m breiddi er
fraa Johannes Revheim sin eigedom og til
vatne paa slike vilkor: Den avtalte kjöpsum
er kr 2000 som vert aa betala med eit aarleg
avdrag av kr 150 i tvo terminar, nyttaar og
jonsok. Laget skal hava rett aa laga
til plassen som det finn for godt
Elvi som no renn gjenom plassen skal laget
hava rett aa leida paa vinstre sida der det
finn höveleguste. Laget hev rett aa taka
stein og planeringsmatiel or Torvelidi og
dalen. Johs I Revheim hev rett aa köyra
langsmed plassen til den lutun som ligg
nordanfor. I tillfelle idrottsplassen i 5 aar i
samanheng ikkje vert bruka skal plassen
falla attende til seljaren utan godtgjersla
Idrottslaget har ikkje lov aa selja plassen

# Aarsmelding 1922

Aarsmöte vart halde den 9 april.
Kasseraren lagde fram rekneskap som
vart godkjendt. Det vart snakt litt um
fotball- og juniorlag som vart skipa.
Baae dei nyskipa lagi skulde höyra
heilt innunder "Skarphedin" og hava
same navnet og same styre som det.
Ein tok so til med valget som fekk
sore utfall: Form. Johs O Borge, nestform og
kasserar fraasagde seg attval, desse vart
valde istaden, Olai Smaaland og Vilhelm
Presttun. Dei andre i styre vart. Olav
Smaaland Eivind Solberg - Ivar Lone
og Mons Tjaastad. Daa Johs Borge tudde
det var turvande aa hava ein skrivar,
avdi det var nok arbeid aat form. likevel
vart Johs Tveiteraas nemnd til det. möte sluta
Allt gjekk so sin gjamne gong fram-
yver sumaren. Den 18 juni var der fem

kamp paa Ulven. Eivind Solberg, Olai og Nils Smaaland representerte Skarphedin. Dei besette tvo fyrsteplassar nemleg (OS) i 1500 og (ES) i spjotkast. Og det faar seggjast aa vera bra gjort, um ikkje dei rakk i dei 3 pokalarne som var uppsette for samla poeng. Staten fekk i stand eit domarkurs paa Voss fraa 20 juli til 8de august med kap. Helge Lövland som lærar. Fraa Skarpheden reiste Brödrene Smaaland og Eivind Solberg, so idrottslaget hev altso 3 autoriserte kreds-domarar, og det er godt. Den 20 august vart den aarlege juniorstemna haldi paa Os. "Skarpedin" er no eit velkjendt lag som ein er nöydd aa regna med paa all konkuransa, det viste seg og her. Ikkje mindre enn 3 fyrstepremiar og ein tredjepr. for i Skarphedingarne, og guteflokken ropte hurra for Lonevaagurarne. Dei övingarne dei tok premi i var: högde, tiskridt, spjot og 1500. Premievinnararne

var Eivind Solberg, Nils og Olai Smaaland. Den 17de september vart det halde konkuranse paa Brubakkarne for juniorlaget. gamlekararne laut greida seg utan, skuld pengelöysa. Det var 6 övingar og premiarne vart gjevne etter samla poengtal. Premielista ser slik ut: 1 pr Magnus J Solberg 2 Leif Solberg 3 Jon Jonson Solberg 4 Erik Halland Anders Borge, Johs J Solberg, Eivind Teohein og Jon Skistad. Daa det var vanskelegt um hus. vart ikkje festen med premieutdelingi halden fyrr i november, men daa var det ein gild fest i Ljoshall med foredrag av Rasmus Rongved. Sidan var det almindeleg fest stemna med skodespel mat premieutdeling og annan morro. Idrottslaget "Skarphedin" baud eit idrottslaget "Fjell" Arne, til kamp hausten 1922, men dei tykte dei var lite budde paa det, og bad um aa faa det utsett til aaret etter. Etter noko korrespondering reiste so 3 mann til Arne den 30 september og fekk

ei uvgjerdsla angaaande konkuransane.
Ei kontrakt vart underskrivi som lydar
nokolunde slik: Utsendingar fraa idrotts-
lagi „Skarphedin" og „Fyk" samla til
møte i Arne den 30 septbr gjorde dette
vedtak. Lagi skal kjempa mot
kvarandre i 3 aar. Kvart lag skal stilla
10 mann, som alle vert medrekna.
Øvingarne er tikamp. Premien er 100 kr.
som kvart lag betala kvar si helvt av
slik: Fyrste aaret kvar sine 20, og dei andre
aari kvar sine 15. Pengarne vert staandande
paa ei bankbok som vert uppevara av
det laget som vinn aar um anna.
Fyrste kampen vert halden paa Skarphedin
sin plass i august 1923, sidan vert det
skifta eit aar hjaa kvar. Dei som faar
mest poeng, samla paa alle 3 aari
hev vunne. — Um ein kann skaffa
pengar vert det og premieutdeling i kvar
gruppa altso løp, hopp. og kast. 3 pr. kvar

Me vonar alle at dette til-taket vil
bidraga til sterkare inntresse og iherdugt
arbeid for saki, baade her og i Arne.
Vidare kann her meldast at denne
vinteren hende det underlege at veiret
var stadigt, og isen laag i 3 vikor. Idretts-
laget nytta høvet aa skipa til skeise-
renn paa Borgevatne den 5 mars. Der var
i alt 16 deltakarar. Laupi var 500 og 1500 m.
Otte dagar etter vart det so ei tilstelling
i det nye huset paa Hauge med foredrag
av Olai Andvin, pakkeleik og annan leik
og premieutdeling. Premiarne var for baae
laupi samanlagt. Desse var best. 1 Mons
E Vevle 2. Olav Årstad. 3 Olai Smaaland
4 Jon Løvre 5. Eirik Holland.
Dei vart og teikna ein del nye medlimar
(Lieber freynden hr Søt) rika programet med
litt komisk „optreden" so skeiselauparne og
dei andre fekk utvikla ansiktsmusklarne til
liks med dei andre, musklarne. Det var alt 12
3 hev teke idrottsmerkje dette aaret.